



Arkivnr: 2018/211-2

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		06.02.2018
Fylkesutvalet		21.02.2018
Fylkestinget		06.03.2018

Sandsli vgs - Ombygging**Samandrag**

I løypemeldinga knytt til oppfølging av skulebruksplanen er det oppgitt mellom anna følgjande:

«På Sandsli legg ein opp til å samle eit breitt fagmiljø innan RM for store deler av fylket og samtidig få ei riktig utnytting av eksisterande verkstader for RM. Ei slik samling av fagmiljøet på ein skule gjer til dømes at elevane får innblikk i alle fagområda innan utdanningsprogrammet.»

I saka er det vidare lagt til grunn at ei samling kan skje frå hausten 2018.

Arbeidet i etterkant har synt at sjølv om ein administrativt kan samordne resursane frå hausten 2018 vil det bygningsmessige ikkje kunne være ferdigstilt før våren 2019. Ein rår difor til at løyvinga til prosjektet blir delt over 2 år, og at 34 million kroner av desse vært løyvd i år.

Når ombygginga er ferdig vil skulen ha ei utforming som er meir moderne og betre tilpassa dagens behov for restaurant og matfag. Ein vil og etablere nytt og oppgradert kantinekjøkken/kantine, etablere stort fellesrom og bibliotek og oppgradera tekniske installasjonar i dei delane av bygget som vert ombygd/rehabilitert.

Vedlagt framlegg til planer er behandla og godkjent av AMU ved skulen, og ein opplever at skulen er godt nøgd med framlagte planar.

Økonomi: Tiltaket har ei samla investeringsramme på 67 million kroner. Av desse vert 34 million kroner foreslått løyvd frå løyvinga for rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren, som for 2018 er på 75 million kroner. Prosjekt vil dermed og binde opp 33 million kroner som må løvvast i 2019. Det vil være naturleg at desse vert dekt frå same budsjettpost.

Klima: Ingen kjende effektar.

Folkehelse: Ombygging vil gje eit betra læringsmiljø, og ein vil og gjennomføre tiltak som vil betre inneklima.

Regional planstrategi: Tiltaket er eit ledd i vedteke skulebruksplan og plan for utdanningstilbodet for restaurant- og matfag. Eit av måla er at ein gjennom ei oppgradering av bygningsmassa skal kunne tilby ei utdanning som er enda betre tilpassa det næringslivet etterspør.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner ombygging av Sandsli vgs. med ei samla kostnadsramme på 67 million kroner. Av dette vert 34 million kroner løyvd frå inneverande års løyving til rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren.
2. Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2018

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 626.020.00	02320	06038	Sandsli vgs – ombygging	34 000 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		34 000 000
				34 000 000	34 000 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærstad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

1. Rapport frå Norconsult
2. Teikningar
3. Kopi av AMU vedtak ved skulen

Fylkesrådmannen, 10.01.2018

I FU sak 177/2017 - Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) – løypemelding vår 2017, er det opplyst følgjande knytt til Sandsli vgs.:

«På Sandsli legg ein opp til å samle eit breitt fagmiljø innan RM for store deler av fylket og samtidig få ei riktig utnytting av eksisterande verkstader for RM. Ei slik samling av fagmiljøet på ein skule gjer til dømes at elevane får innblikk i alle fagområda innan utdanningsprogrammet.

- Det er gjennomført ei arealvurdering av skulen med tanke på vedteken utviding av tilbodet innan RM. Skulen har nok verkstadareal til vedteken dimensjonering, men det kan vere tenleg med tilpassingar av fellesareal og bygging av nytt auditorium.
- Samling av RM-tilbodet i Bergen på skulen er planlagt gjennomført frå hausten 2018. I den samanheng vert det vurdert å utvide TO-tilbodet på skulen knytt til RM.»

I etterkant av dette vedtaket er det gjennomført vidare utgreiing og arealvurdering i regi av Norconsult som har leda fram til eit forslag til løysing knytt til korleis ein ombygd skule bør sjå ut. Nytt auditorium er ikkje med i planane men det er innarbeida eit stort fellesrom. AMU har behandla og godkjent den aktuelle planskissa.

Fylkesutvalet har og behandla det prinsipielle i saka i desember 2017 i sak 293/2017 - Justering av tilbodsstrukturen 2018/19 –klassesaka. Her vart slutta ein seg til at tilbodet innom restaurant og matfag vart justert slik at ein får ei samling av tilbodet på Sandsli, mens det vert lagt ned ved enkelte andre skular.

Prosjektomfang

Ombygging/oppussing av eksisterande skulebygg slik at skulen vert dimensjonert for fleire elevar for studietilbodet Restaurant og Matfag. Det vil bli gjennomført ei oppgradering av eksisterande kjøkken og bli etablert ei betre og meir open løysing av skulen sitt fellesområde og nytt kantinekjøkken.

Det vert vidare og gjennomført forbeteringar knytt til tilgjenge for alle og universell utforming, og det skal etablert fleire lærararbeidsplassar.

Tekniske installasjonar vert utbetra med særskilt fokus på ventilasjon og inneklima. Det blir etablert nytt ventilasjonshus på taket over bakeri, og fløy 3 og fellesområde i fløy 5 får nye anlegg. I samband med dette arbeidet må ein og forsterke bygget sine bærande konstruksjonar.

Personalgarderober til Restaurant og Matfag vert utvida og endra. Ein vil og etablere nye lærararbeidsplassar som ein del av prosjektet.

Størsteparten av skolebygget (fløy 1,2 og 4), vært ikkje omfatta av prosjektet.

Framdrift

Skulen skal være i drift i byggeperioden og arbeidet vil derfor bli delt opp i fasar.

Fase 1 - Start på byggeplass ca 03. april 2018, ferdig 13.august 2018.

Fase 2 - Start 22 juni 2018, ferdig 13. august 2018.

Fase 3 - Start 1 oktober 2018, ferdig 29. mars 2019.

Fase 4 – Overtaking av hovudentrepriser og prøvedrift frå ca. 1. mai 2019.

Framdrifta kan bli justert litt i forhold til kva som er fornuftig ut frå at skulen sine behov.

Vurdering av tiltaket

Ombygginga er naudsynt for å få til vedtatt samling av tilbodet innom restaurant og matfag. Løysinga som ligg føre er utarbeida i samarbeid mellom eigedomsavdelinga, skulen og eksterne konsulenter. Den er behandla i AMU ved skulen som er positiv til det som er lagt fram. Ombygginga vil gjere at tilbodet ved skulen framstår som meir relevant i forhold til det som næringslivet forventar.

I byggeperioden vil en ha einskilde utfordringar både i forhold til anna aktivitet ved skulen og i forhold til kapasitet for tilbodet knytt til tilbodet innom restaurant og matfag. Ein legg til grunn at dette kan løysast, og at ein mogleg løysing i samband med dette er å nytte eksisterande lokale på skular som mistar tilbodet, sjølv om det administrativ ligg under Sandsli vgs.

I sum ser rådmannen på dette som eit svært godt tiltak som er i samsvar med vedtekne planar, og rår til at det vært godkjent med ei samla kostnadsramme på 67 million kroner, og at 34 million kroner av desse vært løyvd i 2018.